

Blad for norsk målreising

Målmannen

Reise det som velt er

Av Ivar Aasen



Fram daa, Frendar,
i fredlege kappstig!
rette det som rengt er,
reise det som velt er,
byggje og bøte
med Bot, som duger;
gjere verk, som vara,
til Verdi øydest.

Fotografi teke ved Haut Koenigsbourg, Alsace, Frankrike.

Målmannen er attende!

Med millom anna desse sakene:

Språkrådsutpeika nemnd vil ha ut i-målet

**Nytt frå europeisk musikkliv
Egyptiske kongar, gudar eller menneske?
Torheim med doktorgrad i fysikk**

**Minarettforbodskonferanse i Duisburg
Minnemarsj i Salem**

I dette nummeret:

Nils Vermund Gjerstad	Torheim med doktoravhandling	s. 2
Torheim/Marøy	...Men Målmannen var ikkje daud	s. 3
Marøy	Språkrådsutpeika nemnd med rotute mandat	s. 4
Marøy	Frå samnorsk til best mogleg utvikling og større stabilitet?	s.6-7
Torheim	Internasjonal konferanse for minarettforbod	s.8
Torheim	Salemmanifestasjonen i Sverige	s.9
Torheim/Thöne	Kuggnäsfestivalen 2010	s.10
Torheim	Torn Your Ties	s. 11
Ornella Winter	Austuropeisk svartmetall	s. 11
Stig Andresen	Det gamle Egypt og kongemakti, part 1	s. 12
Robert Spieler	Skal me forbyda burkaen?	s.16

Torheim med doktoravhandling um fysikkeksperiment

Av Nils Vermund Gjerstad

Olav Torheim frå Volda si doktoravhandling i fysikk omhandla mellom anna høgravande tema som big bang, kvarker og nøytronstjerer - men samstundes kan ho ha noko å sei på utviklinga av teknologi som går inn i kvardagen til oss alle.

BERGEN: Det er fredag klokka kvart på to. Saman med tre eksaminatorer trer Olav Torheim frå inn auditorium 2 på Realfagetbygget på Nygårdshøyden i Bergen. Familie og vener og kollegaer sit spent og venter på presentasjonen hans. Han skal i elden, og skal disputera si doktoravhandling. Den store dagen er komen. Fyrste timen er presentasjonen, medan den påfølgjande er utspørring frå tre professorer innan fagfeltet. Det vert ei tøff runde med spesialisten dr. Peter Fischer frå universitetet i Heidelberg, men til slutt får Torheim gladmelding om at han er doktor.

Big bang

Etter at eksamineringa er ferdig får eg ein prat med 31-åringen.

Doktoravhandlingi hans hev vore knytt til eit eksperiment som heiter Compressed Baryonic Matter (CBM), som gjeng ut på å finna ut korleis materien ter seg når ein varierar både temperatur og baryonisk masse-tettleik, derfor har han i si avhandling teke med Big Bang, eksplosjonen som ifylgje vitenskapen gav opphav til universet.

- I dei fyrste mikrosekundi etter at universet vart skapt, hadde ein eit plasma av kvarkar og gluon, men med forsvinnande liten netto baryontettleik, forklarar den nybakte doktoren.

- Den dag i dag hev ein inne i nøytronstjerner kann henda eit tilsvarande plasma, men her er temperaturen låg og det er den ekstremt tette baryontettleiken i den komprimerte nøytronstjerna som gjer at kvarkane inne i kvart nukleon byrjar kjenna på kvarandre og vekslerka med einannan. Medan faseyvergangen til kvark-gluonplasma ved høg temperatur og låg netto baryontettleik er av andre orden, so er faseyvergangen ved låg temperatur og høg netto baryontettleik av fyrste orden. Andre ordens faseyvergang hev ein allereide sett med LHC-eksperimentet på CERN i Sveits og RHIC i Sambandsstatane, der ein smell partiklar i hop med einannan under høg kinetisk energi. Med CBM ynskjer ein å måla på dei fyrste ordens faseyvergangane, og å finna det kritiske punktet der fyrste og andre orden konvergerar mot einannan.

Dette gjer ein på den måten at ein kolliderar partiklar under moderat kinetisk energi, men med høg netto baryontettleik.

Secondary vertex og D-meson

Oppgava til Torheim er komplisert, men alt heng saman, og fylgjer ei lang argumentasjonsrekke, som ein nær sagt lyt ha innsikt i fysikk for å skyna. - Ein viktug part av fysikkprogrammet for CBM hev med desintegrasjon av D-meson å gjera. Desse partiklane er so stuttlevande at dei desintegrerer lenge fyre dei kann fangast upp av nokon partikkeldetektor. Dei lyt difor målast på indirekte, med di me lokaliserar partiklane som kjem frå kollisjonspunktet der partikkelen vart dana (bakgrunnen), og deretter dotterpartiklane som kjem frå det punktet der D-mesonet hev desintegrert (eit punkt kalla secondary vertex). For å kunna skilja "secondary vertex" frå bakgrunnen treng me ei romleg oppløysing betre enn 50 mikrometer.

Hev vorte frankofon

Dei seinste åri hev voldingen arbeidd som forskar ved det nasjonale forskingssenteret i Strasbourg, i austlege delen av Frankrike. 31-åringen har lært seg å snakka flytande fransk, og har og trykt den franske kulturen til seg.

Sserskilt tykkjer han om det franske kjøkkenet, og då det elsassiske, som kombinerar det beste frå både fransk og tysk matkultur. - Eg vart send frå Bergen til Strasbourg i Frankrike for å koma i eit fagmiljø. I Frankrike kunde eg arbeida direkte med problematikken, i Noreg hadde arbeidet mitt vorte redusert til å lesa vitenskaplege artiklar og dokumentera korleis andre hev løyst problemi. Uppheldet i Frankrike var sers motiverande både faglegt og på andre måtar, alle som hev vore eit par år i Frankrike fær eit tilhøvet til dette landet som ikkje so lett let seg sletta ut etterpå. Uppheldet i Frankrike hev dessutan gjort meg merksam på kor lite folk ikkje berre i Noreg, men i dei nordiske landi generelt, kjenner til Europa. I Noreg snakkar jamvel butikkekspeditrisa engelsk med deg, men nivået når det gjeld andre europeiske språk som tysk og fransk er sers lågt, og det hev ført til at Noreg er vorte orientert burt frå Europa og yver i den angloamerikanske sfæren. Det tykkjer eg er synd.

Kvardagsnyttig

Hev forskingi og avhandlingi di noko å segja reint praktisk for folk flest? Kan det

brukast til noko i kvardagen?


- 3D-integrasjon av elektronikk vert millom anna nytta til applikasjonar som treng stor lagringskapasitet og liten formfaktor samstundes, slik som mobiltelefonar. Det er dette som er industrien sin motivasjon for aa nytta so mykje pengar paa aa utvikla denne teknologien. Mitt tilskot hev vore å nytta denne teknologien til å byggja pikseldetektorar som er snøggare og meir intelligente, med di 3D-integrasjon gjev oss meir logikk pr piksel.

Kvifor hev du teke doktorgrad? Opnar det seg dører og nye jobbmuligheter?

- Eg hev i grunnen alltid teke ein ting um gongen. For ti år sidan hadde eg ikkje andre ambisjonar enn å verta elektroingeniør, men ferdig utdana var det ein sers vanskeleg arbeidsmarknad, so eg heldt fram med mastergrad. På mastergraden vart resultatet mine so gode at eg tenkte at eg kunde ikkje gje meg no, og so vart det doktorgrad etterpå. Doktorgrad er i grunnen sopass mange år med sopass mykje arbeid døgeret rundt at hadde ein visst på fyrehand kva ein gav seg i kast med, so hadde ein vel aldri byrja på det. So det er eg glad no i ettertid for at eg ikkje visste.

Skal ein sjå litt konkret på korleis verdi heng i hop so byrjar og sluttar alt med fysikken. Eit sitat av Ernest Rutherford som er vorte rimelegt godt kjent, "In science, there is only physics; all the rest is stamp collecting". Attåt dette so hev syslar som data og elektronikk alltid interessert meg, ein greid kombinasjon både av det teoretiske og det praktiske, avsluttar doktor Torheim.

Intervjuet stod fyrste gongen på prent i lokalavisa Møre 4. desember 2010.



**Huga bladpengane for
2011!**

Giro er stifta inn i bladet.

...Men Målmannen var ikkje daud

Av Olav Torheim og Lars Bjarne Marøy

Dette nummeret av Målmannen er det fyrste på eitt og eit halvt år. Bladstyraren hev nytta all si tid på å få lagt fram doktorgrad i fysikk, og sidan bladet er mykje bunden på han hev bladet vorte liggjande nede.

For ein liten redaksjon er det å få ut fem nummer i året eit arbeid som krev mykje tid og krefter. Det eine nummeret er snaudt ferdugt fyre ein må arbeida med det neste, og det heile kann lett verta ein rutine der det gjeld å fylla upp bladet etter eit fastlagt mynster. Det lange oppheldet millom siste nummeret i 2009 og det fyrste i 2010 hev gjort det moglegt for redaksjonen å sjå på Målmannen frå eit anna synsleite. Det er som å gå frå ei flat mo og koma upp på ein bakketopp.

Kva var det som var bra med Målmannen og kva var det som var mindre godt? Kva byggjer me vidare på og kvar trengst det å gjerast nokre grep? Slike spursmål reiste seg når me var ute av drift.

Målmannen anno 2011 er merkt av både kontinuitet frå den gamle Målmannen - og av nytenkjing. Det same radikale høg-norsksynet, det same kompromisslause vernet av norsk og europeisk kultur mot islamisering og andre fårar som trugar, men me ynskjer å styra bladet meir når det gjeld å få meir tyngd både med å ha tunge fakta-artiklar, men òg gjennom å freista å redigera bladet meir med tydelegare oppdelingar og kannhenda noko fastare innhald. Millom anna vil me freista å få med meir stoff um musikk av ulikt slag. Men bladet er framleis ope for alle som vil prenta stoff på høgorsk eller solid nynorsk i pakt med arven frå Ivar Aasen.

Målmannen hev i heile si tid vore eit blad i jamn og trygg framgang, men redaksjonen hev havt lite tid til å tenkja på profil og redigering og det som i lengdi kunde hevja nivået og utvida perspektivi.

Me vil ikkje mistyldast - me er ikkje vortne mindre radikale enn tidlegare, snarare tvert imot. Bladet Målmannen starta upp som ein ung og engasjert rebell, men det kann ikkje stogga der. Nett av di det ikkje er nett oss som

set dagsetelen i det offentlege ordsiftet, so vert det dimeir viktugt at det me kjem med skal ha tyngd. Me kjem frå ein tradisjon der det å få fram høg-norsksynet i mange høve var viktigare

enn noko anna. Dei som arbeidde for Aasen-målet fyre vår tid var fegne for å verta høyrd. No er det kannhenda tid for meir enn å verta

høyrd.

Internett hev gjort det mogleg å nå ut med alternative bodskapar til breide grupper, dimer er det ikkje so vanskeleg å nå ut lenger, men å få gjenomslag er verre. Me trur likevel at når ein gjev ut eit blad som Målmannen i dag, so viser det at papirpublikasjonar lever vidare og kannhenda er viktugare enn nokosinne. Det viser at dei som skriv er viljuge til å bruka tid på å forma ut bodskapane sine, ikkje berre senda ut meiningane sine ein stad på internett.

Men skal ein vinna fram, so må ein bruka dei ressursane ein hev. Der andre aktørar kann taka seg råd til propaganda og polemikk, kann eit blad som Målmannen einast vinna fram når me syner at me er sanningssøkjande og hev integritet.

Og når me no er attende, er det likevel ikkje eit minutt for seint. Språkrådet hev arbeidt meir intenst enn noko sinne dei siste åri. Styret hev sett ned ei nemnd med eit fragmentert og relativisert mandat som opnar upp for det meste.

Politikarane hev gjenge inn for at nynorsken skal kunna utvikla seg på *best mogleg måte* og hev ytra ynskje um *større stabilitet*, men språkrådet held fram med balansekunst millom ulike omsyn og synsing i stor stil. At det gjev større stabilitet i nynorsken å fjerna nynorske tradisjonsformer som i-målet, slik som den språkrådsutpeika rettskrivingsnemndi gjer, er me mildt sagt tvilande til.

I april/mai vil den språkrådsutpeika nemndi koma med eit framlegg til ei ny nynorskrettskriving. Framlegget ser fram til no ut til å verta av dei mest gjennomgripande på mange tiår. Og jamvel um samnorsktidi offisielt er umme, vil nemndi etter 150 år kasta Aasens

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Njårds veg 10
2214 Kongsvinger

Bladstyrar:

Olav Torheim

Epost: olaveth@gmail.com

Tlf: 004917632346964

Skype: fivreltd25

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktør-plakaten!

mål ut or nynorsken.

Me meiner at mandatet for nemndi i seg sjølv er i strid med det politikarane og Kulturdepartementet hev gjenge inn for. Nemndi er sett ned på feil grunnlag, og mandatet bør underkjennast. Kva resultat nemndi kjem fram til, er i og for seg uinteressant. Mandatet er so klårt i strid med andre språkpolitiske retningslinor at arbeidet bør takast oppatt på eit nytt grunnlag. Me kann berre vona at Kulturdepartementet set foten ned, slik dei bør, um dei vil styra Språkrådet og ikkje verta yverkyrd av Språkrådet.

Det er alto tid for motstand.

Målmannen rettar

I det siste nummeret fyre den lange kvilebolken vår stod det eit stykkje av Trygve Orheim. Der hadde det kome inn eit misprent. Det skal naturlegvis ikkje heita stutekniv, men stutekalv.



**NYNORSK
ANTI-KVARIAT**
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

Språkrådsnemnd med rotute mandat

Lars Bjarne Marøy

Artikkelforfattaren meiner at styret i Språkrådet hev laga eit mandat som er i strid med det politikarane hev gjege inn for. Her ser han nærare på mandatet.

Nynorsknormalen hev vore gjennom nokre justeringar etter det fatale målbrigdet i 1938 og rettskrivingi av 1959, men ingen hev vel vore so gjennomgripande som det ei nemnd i Språkrådet no hev arbeidt med. Det er mykje ein kann segja um målstoda på den eine og den andre måten. Samnorskparagrafen er fjerna, og det hev vorte opna for å normera nynorsken på sjølvstendig grunnlag. Den viktigaste endringi som slo igjennom var likevel at Statsråd Lilletun gjorde framlegg um å avskaffa godkjenningsskipnaden for lærebøker. Avskaffingi vart gjennomført av Odelstinget 13. juni 2000. Det vil i praksis segja at det er skular, lærarar og kannhenda til ein viss grad elevar som avgjer kva for lærebøker dei vil bruka. Dersom det ligg fyre gode lærebøker i ei målform, vil den gode læreboki, jamvel um ho hev avvikande rettskriving kunna ha fyrerangen.

Innanfor bokmålsrettskrivingi hev dette ført til at ein fjerna frå rettskrivingi nokre samnorskformer som er lite bruka og elles opna for både samnorskformer og riksmålsformer, utan at ein skulde halda fram med å gradera med valfrie former, sideformer og hovudformer. Ein kann til dømes, bruka både hokynsformer og felleskynsformer - ei bok, boka eller - en bok, boken og liknande. Den gamle skipnaden var forvirrande og vanskeleg å halda styr på, fordi fleire ting kunde vera lov på ulike nivå og former kunde blandast vilkårleg.

Det er òg slik at det store fleirtalet av bokmålsbrukarar som skriv sakprosa heilt etter vane og utan å tenkja yver det, brukar riksmålsformer i alt det vesentlege av det dei skriv, jamvel um det fell ein-skilde kuriøse språkforskarar tungt for bringa av di dei meiner det er udemokratisk, undertrykkjande og i strid med folkemålet og den eigenlege folkeviljen. Likevel er det alto ingen vandemål for bokmålet med å føra upp både felleskynsformer og hokynsformer i ordlistor og ordbøker.

I nynorsk hev ein derimot bruka årevis på å diskutera og akkordera kring korleis ein skal gripa den innarbeidde stoda med valfrie, side- og hovudformer fatt. Representantane i Språkrådet køyrde seg fast og vart ikkje samde um anna enn å vera

usamde. Ei avhandling på 250 sidor vart resultatet. Det kann umogleg verka klårgjerande for dei fleste av oss å lesa ei slik avhandling for å finna ut kva ein skal meina um nynorskrettskrivingi. Det er sjeldsynt nok at me idest å slå upp i ordlista eller ei ordbok.

No hev styret i Språkrådet funne ut at ein skal setja upp ei eigi nemnd som skal koma med ei tilråding, den skal vidare til endeleg godkjenning hjå Kulturdepartementet. Visseleg ikkje so dumt, for ei slik nemnd vil verka meir demokratisk enn språkrådsrepresentantar for tunge fag- og nynorskinstitusjonar. Um ho er det, er ei heilt onnor sak. Og grunnlaget er ettertrykkjeleg utgreidingi um nynorsknorm i 2002 og eit mandat som sprikjer i alle leider.

Itillegg til utgreiding av 2002 hev styret i Språkrådet lagt til seinare offentleg ordskifte, språkmeldinga frå 2008 og dryftingi av denne i Stortinget våren 2009. Nemndi kann kort og godt finna godt grunnlag for å gjera det meste, berre ein finn fram til sine eigne meiningar i dette sakskomplekset.

Det fyrste som skapar ugreida er vel at det ikkje finst ei nynorsk norm lenger. Det er mange og fleire av dei hev etter måten stor legitimitet, same kor like dei kann verka, so kann dei vera forskjellige på ei rad punkt og slik sett verka forvirrande.

Det er absurd at norske språkforskarar må diskutera normumgrepet upp og i mente i faglitteratur. I mange andre land gjev det seg sjølv når ein hev eit godt innarbeidt skriftspråk. Mandatet til denne nemndi problematiserar derimot ikkje umgrepet norm, so her må ein ev. til det underliggjande materialet.

Nemndi skal *laga ei tydeleg, enkel, stram norm for nynorsk*. Vidare heiter det at: *Denne nye norma skal vera eit tilbod til alle som ynskjer å skriva korrekt nynorsk*. Det vil alto segja at det er mogleg å skriva korrekt nynorsk utan å fylgja denne normi. Ein kann alto skriva perfekt nynorsk utan å fylgja denne normi. Men ho skal vera ei hjelp, for dei som ikkje klarar det. Det er litt av ei relativisering, samstundes som trui på at nemndi kann finna den rette formi er stor, eit gigantisk paradoks.

Denne normi: *skal gjelda for alle som pliktar å skriva innanfor ei norm* Kann dette gjelda til dømes i skulen? Tja, dersom ein lærar skriv på tavla, gjer det vel kannhenda det. Men dersom ein lærar lagar eit læreverk som ikkje krev godkjen-

ning og nyttar det læreverket som er laga privat eller hev eigne notatar frå ei fagleg utgreiding som hev avvikande rettskriving, bryt han då lovi, neppe. Stortingsvedtaket av 13. juni 2000, er trygt på læraren si sida.

Vil konsulentar i offentlig administrasjon vera bundne av ei viss rettskriving. Dei er ev. tilsette for å koma med faglege og andre råd, ikkje for å kunna skriva etter ei viss rettskrivingsnorm. Og treng kommunar som ynskjer å skriva etter den lokale dialekten på staden måtta taka umsyn til ei slik norm. Treng til dømes Lærdal kommune å skriva på a-mål, dersom brukarane likso gjerne godtek i-mål?

Og kva er sanksjonane frå Språkrådet eller staten? Som ein elev sa det ein gong: *Dersom me ikkje fylgjer rettskrivingi kjem me i fengsel, då?* I dette landet hev politikarane freista å endra rettskrivingi med tvang so mange gonger at det hev vorte ein parodi. I andre land der politikarane ikkje hev gjort noko normeringsarbeid i det heile, fylgjer språkbrukarane normi med blind lydnad. I Noreg derimot hev normbroti i nynorskrettskrivingi berre vorte fleire og fleire dei siste 50-åri. Det skal godt gjerast å få upp lojaliteten att.

Mandatet held fram med å vera ope for tolking og med grobotn for avvising. Målet med normendring er at ein skal: *etablera ei ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar*. Dei som hev valt nynorsk hev vel ikkje noko problem med normi. Det er vel heller fråfallet frå nynorsken ein vil stogga, um ein gjer det med arbeidet til denne nemndi, er eit ope spursmål. Normi skal vidare vera tydeleg for alle som skal skriva sidemålsstil. Problemet med det er at valfridomen frå 1959 alt er godt etablert og hev vore gjort kjend for alle. Det vil truleg taka lang tid fyre ein vil kunna få gjort noko med det. Ein kann heller ikkje venta at godt vaksne språkbrukarar set seg ned og les igjennom alt det som kjem av endringar frå denne nemndi.

Det heiter elles um normi at ho skal dessutan: *vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse*. Ein ikkje venta at alle vil ha like lett for å setja til å skriva korkje på nynorsk eller på noko språk. Det ein kann venta er at det vert lettare å skilja millom alle dei alternative nynorskformene som finst i litteraturen, og det som er den tilrådde versjonen frå nemndi. Det er likevel liten grunn til å tru at dei som er røynde språkbrukarar og les mykje, vil ha lettare for å fylgja ei norm

enn andre. Det er desse språkbrukarane ein ev. måtte sikta seg inn mot. Vil juristar, historikarar, journalistar og andre som skriv nynorsk offentleg byrja å skriva meir einsarta og vil fleire røynde språkbrukarar ha lettare for å skriva nynorsk? Det er eit ope spørsmål.

Er det slik at nynorsken fram til i dag hev appellert til alle språkbrukarar yver heile landet? Det kann eg absolutt ikkje forstå. Det må då vera svært mange som av ei rad ulike årsaker ikkje tykkjer at nynorsken appellerar til deim. På same måte som det visseleg finst språkbrukarar som ikkje kjenner seg heime i bokmål. Det er ei rad motstridande årsaker til at folk hev valt å nytta nynorsk både i dag og i tidlegare tider. Det er kannhenda framfor alt gjennom målpolitiske ordskifte og gode språklege fyrebilete at folk hev valt nynorsk, ikkje gjennom å sitja å lesa nynorsk ordlista eller ulike normer som slike nemnder kjem med.

Det er vel heller slik at det ei norm-nemnd skal hindra er fråfall. I 1917 og 1938 må ein vel segja at valet av lærebøker for framtidi var avgjerande. Valde ein ei norm, so vilde ein sleppa å kjøpa inn dyre lærebøker etter kort tid. I dag er ikkje dette økonomiske argumentet, so sterkt lenger, so det er liten grunn til å tru att nynorsken vil vinna stor tilslutnad etter at normarbeidet er avslutta.

Mandatet fyreset derimot at det er slik at ei norm kann appellera til at folk byrjar å bruka nynorsk, og då reint serleg den normi som nemndi skal stå bak. Normi som denne nemndi skal laga skal til og med vera slik at: *nynorsken framleis kan appellera til språkbrukarar over heile landet.*

Ein skulde tru at ein kunde sjå fyre seg ein skrifttradisjon som ein kunde taka utgangspunkt i når ein skulde laga ei ny norm, men denne nemndi skal ikkje taka utgangspunkt i ein skrift-tradisjon, men i: *skrifttradisjonar*. Desse skrifttradisjonar er ikkje det viktigaste nemndi skal taka omsyn til det er viktigare at ein gjev: *rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar og at ein hev eit breidt talemålsgrunnlag, tek omsyn til mykje brukte former og ord og den geografiske spreidingi til språktilfanget.*

Det er kort og godt ope for å gjera det meste utfrå denne delen av mandatet. Det viktigaste er ikkje at ein bryr seg med folks normuppfatning og kva folk meiner er rett nynorsk, snarare tvert imot, ein skal sikta seg inn mot det som appellerar.

Dersom ein skal taka dette med appell på ålvor, so er det vel mange som meiner

at i-mål i dikt appellerar sterkt til deira målkjensla, og det finst framleis skribentar som hev valt nynorsk for å skriva i-mål, men dette er tydelegvis ikkje noko som appellerar til nemndi, for sjølve frontsaki til nemndi er at i-målet skal ut av rettskrivingi. Kva som er gale med i-målet er vanskeleg å segja. Det er eit fåtal som nyttar det, men det er greide reglar for deim som ynskjer å fylgja det. I bokmål kann dei skilja millom tvo og tri kyn, men i nynorsk kann ein alto so ikkje skilja millom tvo hokynssystem, meiner nemndi. Er nynorskbrukarar so lite intelligente at di må hjelpast av denne nemndi? Må nynorsken skjermast totalt mot Aasen-målet? Og kva vil ein uppnå me det? Me merkar oss at ein av styremedlemene i Språkrådet sit i sjølvaste Aasen-tunet og skal taka seg av arven frå Ivar Aasen. Skal han vera med på å gjera Aasen-tunet um til eit mausoleum? Eller eit egyptisk gravmonument?



Grete Riise, tidlegare nestleidar i Mållaget, hev kome med framlegg til ny rettskriving for nynorsk...



...der Aasens mål etter 150 års tradisjon skal utraderast frå nynorsken. (Ivar Aasen var mannen som skapte nynorsken).

Folkeleg normeringsprosess?

I samband med framlegget til ny nynorskrettskriving, viser ein innringjar til at i-målet hev vore ein del av nynorsken so lenge nynorsken hev eksistert, og høyrer til nynorsk skrifttradisjon i serklasse. Kva skal skje med klassikarane i lærebøkene no? Skal me få ein ny runde med tåpelege umskrivingar til a-mål, slik som me hev sett tidlegare? Dette er anti-appellerande for ein heil del kultiverte menneske som er glade i nynorsk skriftmål. Men kultiverte menneske er nok ekskluderte frå å kunna påverka denne nemndi?

Arbeidet skal gjennomførast i *ein open og inkluderande prosess*, heiter det i mandatet. Det er slik at nemndi hev lagt ut ulike avgjerder og vedtak i rettskrivingi på ein nettstad, der folk kann koma til orde med ev. innspel. Nemndi hev lese ulike typar litteratur og tenkt på det eine og det andre, men Ivar Aasen er tydelegvis gløymt ein gong for alle. Det er viktigare med Sandøy, Vikør, Akselberg, Jansson eller Søfteland, og kva dei heiter alle saman.

So kann ein spyrja seg kven som hev mest å segja når europeisk kultursoga skal formidlast på norsk til den den oppveksande slekti: Aasen, Vinje, Garborg, Duun, Updal, Olav H. Hauge, ei rad umsetjingar til høgnorsk, Griegs tonesetjingar av nynorsk litteraturen eller moderne klingklang frå denne nemndi. Elles kunde ein ha nemnt Gustav Indrebø, Nikolaus Gjelsvik og Idar Handagards lærebok i diktekunst, men som det vel stend ein stad i eit referat det er nok ikkje aktuell politikk.

Med denne nemndi vert det slik at Stochausen, Debussy og Goehlgberg vert uttrykk for den perfekte harmoni. Nei, lat oss få Iron Maiden- og Metallica-tekster på høgnorsk, so kjem nok japanarane og italienarane på skeid, medan nemndmedlemene sit og sturar med den seinaste læreboki til ein av dei fem store som framleis trur at staten skal løysa målstriden, so lenge me berre fær ei mest mogleg sokalla folkeleg og ikkje ei kultivert form for nynorsk.

Dvergemålet

Norsk målpolitikk

-Frå samnorsk til “best mogleg utvikling” og “større stabilitet”?

Av Lars Bjarne Marøy

Artikkelforfattaren kommenterar viktige språkpolitiske dokument dei siste 10-12- åri.

Nynorsknormalen hev vore gjennom nokre store umbøyte etter Gustav Andrebø kalla målbrigdet i 1938, og rettskrivingi av 1959 som målfolk ålment måtte vedgå var ei rein bokmålstilnærming, men ingen hev vel vore so gjennomgripande som det ei nemnd i Språkrådet no hev arbeidt med. Det er mykje ein kann segja um målstoda på den eine og den andre måten. Sumt av det som det no vert arbeidt med i Språkrådet er påviseleg i samsvar med dei politiske avgjerdene og hovudmål i arbeidet med normeringi i nynorsken, slik som politikanane hev lagt upp til, men det mandatet som er laga for den språkrådsutpeika nynorskmenndi, er ei fragmentering og relativisering som må vera eit klårt brot på det politikanane hev sagt. Sjå elles gjennomgangen på s. 15. Mykje hev skjett i norsk språkpolitikk dei siste tolv åri. Målmannen hev ikkje greidd å få med alt, men nokre hovudlinor skal iallfall setjast på plass i dette nummeret.

Samnorskparagrafen til Norsk språkråd som stamma attende til 1970-talet slo fast at rådet skulde arbeida for tilnærmingstendensar på lang sikt. Den vart fjerna med Storingmelding nr. 13 (1997-1998) som slo fast at *bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg*, og det var difor opna for å normera nynorsken på sjølvstendig grunnlag. Deretter prøvde Årsmøtet i Norsk språkråd i februar 2000 å få gjennom det Jostein Krokvik i Vestmannen nr. 2 2001 kalla: *ei lang og forvirrande tilråding med skrivebrigde som den nynorske fagnemndi hadde samla i hop siste fireårsbolken (1996-1999)*. Det var alto ikkje nokon vilje til nyorientering der i garden.

Kulturdepartementet sende den 5.12 2000 brev til Norsk språkråd der departementet sa nei til godkjenning av desse endringane. Kulturdepartementet skreiv at eit: *viktig formål med ei nyorientering av normeringspolitikken er å sikre større stabilitet i rettskrivingi. Departementet legg difor til grunn at siktemålet med ei skulemålsreform no, er at ho i all hovudsak vert uendra i lang tid. Departementet vil forvisse seg om at Norsk språkråd er fullt ut innforstått med denne føresetnaden.*

Det var ikkje utan grunn at departementet venta i so lang tid med å svara på Språkrådet, for i millomtid stod det eit nytt lovframlegg for tur, samstundes hadde det vore regjeringsskifte. Bondevik I-regjeringi gjekk i av i mars og Lilletun vart skift ut med Giske i Kulturdepartementet. Språkpolitikken såg likevel ut til å lig-

gja klår nok, trass i regjeringsskiftet.

Kyrkje-, utdannings- og forskningskomiteen gjekk våren 2000 samstundes inn for å avskaffa godkjenningsskipnaden for lærebøker som kom inn alt i 1889. Då lovframlegget stod på dagsetelen i Odelstinget 13. juni 2000, uttalte statsråd Trond Giske (A) at han var: *tilfreds med at komiteen er enig i å oppheve den statlige godkjenningsordningen for lærebøker.*

Stortinget vedtok å avskaffa §9.4 i Opplysningslovi og sette endeleg punktum for den statlege godkjenningsskipnaden for lærebøker. I ordsiftet vart det argumentert med at skipnaden var vorten avleggs som ein kontroll av å tryggja seg um at måli læreplanen for grunnskulen og den vidaregåande skulen skulde nåast. Det skulde no vera skulens og lærarens andsvar å leggja upp undervisingi utan umsyn til lærebøkene i dei einskilde fagi. Dessutan skulde ein gjeva kveik til at det kunde brukast fleire lærestoffkjeldor og ein vilde stimulera til aktiv lærebokkritikk av eksisterande bøker.

I dag er det slik at det er skular, lærarar og kannhenda til ein viss grad elevar som avgjer kva for lærebøker dei vil bruka. Dersom det ligg fyre gode lærebøker i ei målform, vil den gode læreboki, jamvel um ho hev avvikande rettskriving kunna ha fyrerangen. Itillegg hev det kome til fleire nettstader som formidlar lærestoff. Lærarar og elevar kann i mykje sterkare grad enn fyrr samla upp og utveksla notatar, kjeldor, framvisingsstoff på power point. Det segjer seg sjølv at språkbruken i dette skriftlege tilfanget kann vera sterkt avvikande.

Bokmålsseksjonen hadde alt på nemndmøtet i februar gjort seg reidug til å møta denne nye utviklingi gjennom å gå inn for å avskaffa skiljet millom hovud- og sideformer.

I brevet frå Kulturdepartementet 5.12.00, bad departementet "Norsk språkråd lage ei utgreiing som nærare drøftar korleis skiljet mellom hovudformer og sideformer eventuelt kan takast bort også i nynorsk, og korleis ein i så fall kan tenkja seg å løyse dei spørsmåla som reiser seg i kjølvatnet av dette." Nynorskseksjonen fekk so forma ut ei utgreiing som skulde grunngjeva framlegg til ei revidert norm for nynorsk skriftmål. Den vert vist til som utgreiing um nynorsknorm av 2002.

Innanfor bokmålsrettskrivingi hev dette ført til at ein fjerna nokre samnorskformer som er lite bruka frå rettskrivingi og elles opna for både samnorskformer og riksmålsformer, utan at dei skulde halda fram med å gradera med

valfrie former, sideformer og hovudformer. Ein kann til dømes, so vidt eg hev skyna det, bruka både hokynsformer og felleskynsformer - ei bok, boka eller - en bok, boken - og liknande. Det gamle systemet var forvirrande og vanskeleg å halda styr på, fordi fleire ting kunde vera lov på ulike nivå og former kunde blandast vilkårleg. Ulike blandingar kann det vera no òg, men i praksis ser det ut til å vera få problem me det heile.

Det er òg slik at det store fleirtalet av bokmålsbrukarar som skriv sakprosa heilt etter vanen og utan å tenkja yver det, brukar riksmålsformer i alt det vesentlege av det dei skriv, jamvel det fell einskilde kuriøse språkforskarar tungt for bringa av di dei meiner det er udemokratisk, undertrykkjande og i strid med folkemålet og den eigenlege folkeviljen. Likevel er det alto ingen problem for bokmålet å føra upp både felleskynsformer og hokynsformer i ordlistor og ordbøker.

I nynorskdelen av Språkrådet hev ein derimot bruka årevis på å diskutera og akkordera kring korleis ein skal gripa den innarbeidde stoda med valfrie, side- og hovudformer fatt. Representantane i Språkrådet køyrde seg fast og vart ikkje samde um anna enn å vera usamde. Utgreiing um nynorsknorm av 2002 på 250 sidor skal ha vore det einaste som kom ut av det heile den gongen.

So i 2006 skifta Norsk Språkråd formelt namn til Språkrådet som mange av oss hev kalla det lenge. I fyremålet til rådet heiter det no: *Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og skal særleg arbeida med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid og å forvalta dei to offisiell norske språknormene. Språkstyringsarbeidet omfattar både norsk språk generelt og den nynorske målforma spesielt.*

Språkrådet er no organisert med eit styre og fire fagråd. Dei fire fagrådi skal millom anna tryggja ein breid diskusjon om språkspørsmål og at aktuelle emne vert førde fram til Språkrådet.

I 2008 kom stortingsmelding *Mål og meinig*. Den vart dryft i Stortinget våren 2009, og so i september 2009 bad Kulturdepartementet Språkrådet om å setje i gang arbeidet med ein gjennomgang av nynorskrettskrivingi, på bakgrunn av tidlegare styrevedtak i saki og fyrehavingi av stortingsmeldinga «Mål og meinig». Språkrådet hev so peika ut ei nemnd som skulde gjennomgå rettskrivingi. Kvifor denne nemndi måtte til og kva som var grunnlagt for mandatet er ikkje heilt klårgjort

enno, men det er i og for seg ikkje viktig. språkrådet gjorde det.

Nemndi skal ha reidug ei tilråding innan april 2011, det skal vera høyring i februar. 2011. Styret i Språkrådet skal gjera endeleg vedtak i mai 2011, men den nye rettskrivingi vert gjeldande fyrst frå august 2012. Då skal det òg liggja fyre nye ordbøker.

Nemndi ser fyre seg at di skal laga ei norm for offentleg tilsette, lærebokforfattarar, lærarar og skuleelevar som skal fylgja normi.

Det interessante med utviklingi i denne 15-årsfasen er korleis politikanane hev gjenge frå å lata nynorsken verta justert med einskildvedtak frå fagråd til større grupper av representantar til å taka meir aktivt tak i normeringsarbeidet og

gå inn forl ei heilskapleg normering med grunnlag i offentlege utgreidingar um målstoda. Fagekspertane hev vorte mindre sentrale i det arbeidet som no gjeng fyre seg i Språkrådet. No er det lekfolk som skal vera språkpolitikarar, so kann ein spyrja seg um det er vinning? Med det mandatet som den nye nemndi fekk, er det iallfall ikkje nokor vinning for nynorsk.

Ut med Aasens mål!

Riise-nemndi vil skriva rettskrivingssoga

Litt av det ho vil forby:

Grete Riise hev fenge i oppdrag å setja ut i livet eit dvaskt midstraumskompromiss som vil gjera stutt prosess med alt som smakar av høgnorsk og høgnorsknært mål:

Ut med i-målet

Bundi form eintal av sterke hokynsord og bundi form fleirtal av inkjekjønnsord får -a som eineform: bygda; husa. Aasen-formene [bygdi] og [husi] vert forbodne å bruka.

Ubundi form eintal [-a] av linne hokynsord vert stroke frå den offisielle rettskrivinga. Og tilsvarande vert fleirtalsformene [-or] og [-one].

Formi med -e vert då eineform: ei vise, viser, visene, eller ei kvinne., kvinner, kvinnene. Aasen-formene [ei visa, visor, visone] og [ei kvinna, kvinnor, kvinnone] vert forbodne å bruka.

Vokaltriklangen (a,i,o), som var so sermerkt for det nynorske målet, og som til dømes gjorde det so uppskatta i salmar og song, skal ikkje lenger få høyrast.

Ut med langformer av verb

Dei lange infinitivsformene av ei rad ulike verb vert strokne frå rettskrivingi. Det skal ikkje lenger vera lov å skriva beda, blada, bløda, draga, fløda, gjøda, glada, glida, gnida, hava, kleda, kvida, sklida, spada, svada, svida, taka, treda, træda, vrida. Frå no av skal det einast heita bla, blø, dra, gli etc. Men samstundes skal det framleis vera lov å skriva byda, gleda, gloda, groda, lada, lata, lida, rida, rada, skrida, strida, vada, flyga og skada (som blir eineform). Medan ein tidlegare kunde vera konsekvent og anten nytta einast stuttformer eller einast langformer, lyt ein i framtidi alto slå upp i Grete Riise si nye ordlista for å få vita kva slags verb ein kann skriva fullt og kva for nokre som lyt stytast.

Fleire verbale innhogg i formverket

Frå no av skal det einast heita gå, går, gått og stå, står, stått. Aasen-formene ganga, gjeng, gjenge og standa, stend, stade vert forbodne å nytta.

Verbi ganga-gjeng og standa-stend vert strokne frå rettskriving nynorsk rettskriving. Ogso for verbi få, slå og slåst skal sideformene [fær] – [fenge], [slær] og [slæst] raderast heilt ut. Likeins for verbi leggja og seia, der preteritumsformene lagde og sagde gjeng ut or rettskrivingi.

Obligatorisk inkonsekvens

Medan det tidlegare var valfritt om ein vilde skriva “mod” (substantiv) og “modig” (adjektiv) eller “mot” og “motig”, vert “mot” og “modig” no dei einaste lovlege formene. Likeins kunde ein til dessar vera konsekvent og nytta pronomen som han, honom og

ho, henne, men frå no av skal det heita han, han og ho, henne. Medan Aasen-normalen var fylgjerett og logisk, er det i Riise-rettskrivingi påbode å vera inkonsekvent.

Ei lista yver fleire utvalde Aasen-former som Riise vil forby:

Stoda no:

-landsk el. -lendsk suffiks
massing [messing] m.
drap [dråp] n.
ekorn el. ikorn n.
smekka el. smikka v.
skremma [skræma] v.
sær [ser] (-leg, -skild osv.) adj.
klippa [klyppa] v.
lys el. ljøs n.
boble [buble] f.
jul [jol] f.
okse el. ukse m.
gor el. gørr n. (gjørme; innvolar)
snør n. el. snørr f. el. n.
rydning [rudning] m.
sydlending el. sudlending m.
kluft el. kløft f.
spjut el. spyd n.

gløtta [glytta]v.
hjørne el. hyrne n.
løkke el. lykkje f.
sølje [sylgje] f.
læsa el. låsa v.
mæla el. måla v.
laup el. løp n.
ty el. tøy n.
kikert el. kikkert m.
plomme [plome] f.
ramme [råme] f.
somme [sume] determ
dana el. danna v.
mot el. mod n.
handkle el. handklede n.
herberge el. herbyrge n.
idrett [idrott] m.
mus, myser, mysene f.

skjærseld [skirseld] m.
tenest, teneste f.

Vert forbode:

-lendsk
massing
[dråp]
ikorn
smikka
[skræma]
[ser], [serleg] ofl.
[klyppa]
ljøs
[buble]
[jol]
ukse
gor
snør n.
[rudning]
sudlending
kluft
spjut (heilt ny valfri form innförd, spjut, "meir belegg for").
[glytta]
hyrne
lykkje
sylgje (ny form: sylje utan g)
læsa
mæla
laup
ty (aldri meir syltety?)
kikert
[plome]
[råme]
[sume]
dana
mod
handklede
herbyrge
[idrott]
(skal no heita mus, musene som i bokmål).
[skirseld]
tenest

Internasjonal konferanse for minarettforbod

Olav Torheim rapporterar frå Duisburg



Hundrattals innvandringskritikarar er samla til minarettforbods-konferanse.

Det skapte sjokkbylgjer i heile Europa, då ei folkerøysting initiert av Oskar Freysinger og det sveitsiske folkepartiet (UDC) gav fleirtal for å nekta muslimar å byggja moskear med prangande minarett-tårn i det europeiske landskapet. Sidan den gongen hev innvandringskritikarar i heile Europa teke til seg ideen, og i mars 2010 var ei rad ulike innvandringskritiske og høgrepopulistiske parti og grupper samla i Duisburg i Tyskland. Det var den tyske gruppering Pro-NRW (som tidlegare hev stade attum antiislamiseringskongressane i Köln) som gjorde upptak til konferansen, og målet var å arbeida for minarettforbod i heile Europa.

Konferansen byrja ein laurdags ettermiddag i eit gammalt slott i Gelsenkirchen. Ein stor politistyrke var samla kring slottet for å tryggja deltakarane, og einast inviterte kunde sleppa inn. Politiet patruljerte elles heile kringværet i ein tollegt stor radius, og alle kunde soleides taka seg trygt fram, jamvel um eit hundrattals motdemonstrantar freista øydeleggja for møtet.

Under konferansen var det innlegg frå politikarar frå Tyskland, Frankrike, Austerrike, Belgia, Spania og Sverige. Trugsmål frå islamismen vart analyserte og strategiane for eit moglegt motåtak vart tekne upp til dryfting. Dei ulike fyredragi og diskusjonane som fylgde var alle merkte av refleksjon og eit høgt kunnskapssnivå um problematikken, noko som skulde tyda på at innvandringskritikarane i Europa hadde gjort heimeleksone sine.

Det var likevel ikkje fritt for dramatisk under konferansen. Eit TV-team frå ZDF var på “nazi-jakt”, og sidan det ikkje var so mange av desse å finna i konferanselokalet, so tok dei like godt med seg ein sjølv. Saman med ein mann som hadde teke på seg ei T-skjorta med “forfatningsfiendslege symbol” trakka dei rundt i møtesalen og freista gjera ein reportasje frå “nazi-treffet”. Arrangørane tykte lite um dette, og svara difor med å kasta ut TV-teamet og pro-

vokatøren. Dinæst heldt konferansen fram i ein roleg atmosfæra.

På kvelden vart det organisert ein middag for dei utanlandske gjestene. Etter middagen gjekk dei fleste til hotellet sitt for å sova, medan dei yngste av oss (dei fleste frå Vlaams Belang Jongeren) vart sitjande uppe um natti på ein lokal pub. Her vart det arbeidd vidare med viktige spursmål som dei flamsk-norske relasjonane, og med islamiseringsspursmålet teke upp i ein litt meir uformell tone..

Neste morgon skulde konferansen avsluttast med ein marsj mot moskèen i Duisburg-Marxloh, den største moskeen som er vorten bygd i Tyskland. Nesten alle innfartsvegar mot møtepunktet var blokkerte, men takk vere GPS, gode vegkart og samarbeidsviljugt politi, so fann me vegen fram til slutt.

Ved treffpunktet var det appellar frå Markus Beisich (Pro NRW), Filip Dewinter (Vlaams Belang), Josep Anglada (Platform Catalonia) og Robert Spieler (Nouvelle Droite Populaire). Etter at appellane var ferdige, tok me til å marsjera mot moskèen. Nokre hundrattals meter frå moskèen vart me stogga av Politiet. Grunnen deira: Rett attum dei venta hundrattals militante vinstreaktivistar som vilde forsvara moskèen mot innvandringskritikarar. Og vinstreaktivistane var helder ikkje åleine, for tysk TV kunde seinare ettervisa at det millom motdemonstrantane var eit titals aktivistar frå dei tyrkiske gråe ulvane, ei nasjonalistisk og fascistisk tyrkisk gruppering som millom anna er kjend for valdelege åtak mot kurdarar, og soleides trulegt den tettaste nærkontakten som motdemonstrantane hadde med “nazisme” denne dagen.

Motdemonstrantane ropa “Nazis raus”, medan innvandringskritikarane ropa attende “Stopp den islam”. Til slutt tok Robert Spieler megafonen framfor politisperringane og heldt ein flammande appell mot islamiseringi og dei som han kalla for fiendane åt Europa. Dinæst returnerte me attende til møtepunktet der demonstrasjonen rolegt løyste seg upp.

Med andre ord ei variert helg, fyrst med konferanse og kameratslegt samvere og til slutt ein handlingsfylt demonstrasjon, som likevel var mykje betre organisert og kontrollert enn sist gong i Köln..



Demonstrasjonstoget er i rørsle mot moskèen i Duisburg-Marxloh.

Desse var representerte i Duisburg:

Vlaams Belang, Belgia. Vil etablere ein sjølvstendig flamsk stat i Flandern. Vart i si tid kjent for det umstridde tolvpunktsprogrammet som tok til ords for full innvandringsstogg og tvangsrepatriering av ikkje-vestlege innvandrarar. Hev ved val havt meir enn 25 prosent av røystene i Flandern. Leidd av Filip Dewinter.

Freiheitliche Partei Österreichs, FPÖ. Høgrepopulistisk parti som under leidingi av Jörg Haider skapte ramaskrik då dei i 1999 som det fyrste nasjonalistiske partiet i etterkrigstidi greidde å vinna regjeringsmakt. Partiet vert i dag leidd av Heinz-Christian Strache.

Platform Catalonia. Regionalistisk parti frå Spania. Arbeider for meir sjølvstyre for Katalonia og for stogg i ikkje-vestleg innvandring.

Sverigedemokraterna, innvandringskritisk og høgrepopulistisk parti frå Sverige. Fekk for fyrste gongen riksdagsplass ved valet i 2010. Formann er Jimmie Åkesson.

Nouvelle Droite Populaire, identitær og regionalistisk rørsle frå Frankrike. Vert leidd av Robert Spieler. Stelte listor ved siste regionalval under titelen “Non à minarets”.



Politispingeringar og motdemonstrantar stend millom oss og moskèen.

Salemmanifestasjonen i Sverige

Av Olav Torheim



Kva er Salemmanifestasjonen? Artikkelforfattaren gjev svar og viser oss bakgrunnen.

For ti år sidan vart 17 år gamle Daniel Wretström myrda av ein muslimsk ungdomsgjeng i stockholmsbydelen Salem. Motivasjonen som den multikulturelle gjengen hadde for å gå laus på Wretström var det at han var nasjonalist, og under slagord som "krossa rasismen" vart Wretström stokken med kniv og slegen i hel med plankar.

Sidan den gongen hev det kvart år vorte halde eit fakkeltog for å minnast Daniel og alle dei andre som hev falle offer for multikulturen. I 2003 med so mykje som 2000 deltakarar, og soleides den største innvandringskritiske demonstrasjonen i Norden nokosinne. I leidande riksmedia og millom personar og grupper på vinstresida vart marsjen framstelt som ein "nazi-marsj" som det gjeld um å stogga, medan tilskiparane på si sida presenterar marsjen som ein upolitisk marsj for alle som vil minnast Daniel og setja søkjeljos på multikulturen si myrke baksida. Familien til Daniel Wretström hev ved fleire høve vorte sette under trykk for å taka fråstand frå marsjen, men hev trass i trugsmål og pådrag halde fram med å gjeva markeringi sin studnad. Målmannen var til stades både i 2009 og 2010 for å kunna gjeva ein sjølvstendig rapport frå arrangementet.

2009:

Etter ein lang biltur gjennom Frankrike, Tyskland og Sverige var me i Salem. Utanum ein episode på ein Statoil-stasjon, der einast kjapp respons frå Politiet hindra oss frå å hamna i slagsmål med eit titals vinstreorienterte hooligans som var ute etter bråk, so gjekk det greidt å koma seg fram til treffpunktet på Rönninge Station klokka 16.

Her stelte folk seg upp i rader på fire og fire, og på signal vart faklane kveikte.

Nett i det fakkeltoget byrja å gå, byrja den fyrste snøen å falla, noko som gjorde det heile til ei ekstra sterk oppleving. Med kveikte faklar gjekk me frå Rönninge Station, gjennom Salem, til den staden der Daniel vart myrda, der livet rann ut or honom. Heile vegen godt synkronisert av demonstrasjonsvaktene, og med Politiet som skulde verna oss mot motdemonstrantar (som i alt talde 30 personar!).

På staden der Daniel vart myrda var blommar og ljøs lagde ned under ein livsrune. Dinæst vart det appellar frå ein plattform - talarane var Varenus Luckmann, Alexandre Thöne og Stefan Jacobsson. Tema som vart tekne upp i tala var fyrst og fremst trugsmål frå multikulturalismen, frå masseinnvandringi og frå islamisering, men ikkje utan glød og framtidsvon, og fagnaden frå publikum synte at stemningi var god. Innimillom var det musikalske innslag frå visesongaren Victor Sjölund, som spela gamle klassikarar av Ultima Thule og Svensk Ungdom.

2010:

I desember 2010 hadde det gjenge ti år sidan Daniel vart myrda, og oppmøtet vart dette året difor sers stort, sidan mange ynskte å markera

at dei ikkje hadde gløymt. Tilskiparane hadde dessutan sett i gang ein kampanje i lang tid fyreåt, millom anna med spreiding av flogblad som fortalde um Daniel og um prisen vanlege svenskar må leggja ut for det multikulturelle samfundet - som til dømes med gruppevaldtektene der flestalle gjerningsmennene er ikkjevestlege.

For å koma seg trygt til Rönninge Station var det lyst ut eit treffpunkt på Stockholm Central litt tidlegare på dagen, der alle kunde reisa samla med toget til Salem. Motdemonstrantar hadde dette året meldt frå um at dei vilde gå ned på jarnbaneskinone og blokkera toget, men takk vere effektivt politiarbeid greidde dei ikkje å seinka toget med meir enn ein halvtime.

Samla på Rönninge Station var det atter oppstilling fire um fire, og med ein ekstra stor prosesjon av blommekransar i fronten sette fakkeltoget seg i rørsle - denne gongen med trommor for å gjeva rytme til marsjen.

Talet på deltakarar hadde dette året vakse frå 600 til 850, medan talet på motdemonstrantar hadde auka frå 30 til 50 (!).

Framme ved mordstaden var det atter tid for appellar, dette året med fleire innbjudne utanlandske talarar. Og dessutan eit gripande vitnemål frå Nellan, ei nær veninda av Daniel, som fortalde um korleis Daniel var som person og medmenneske. Millom dei utanlandske talarane som utmerka seg dette året vil eg nemna Tony Bamber frå British National Party. Han understreka millom anna at det ikkje var innvandarane som er motmennene, men den multikulturelle globalistiske ideologien som bryt ned kulturar og folk yver heile verdi. Og slik som vikingane for 1000 år sidan stridde for å verna landet sitt, må me i dag med same viking-ånd strida vidare, politisk og demokratisk rett nok, for framtidi åt Europa.



Desember 2010: 850 svenskar og europearar i fakkeltog mot multikulturell vald.

Kuggnäsfestivalen 2010

Av Olav Torheim og Alexandre Thöne

Artikkelforfattarane rapporterer frå Kuggnäsfestivalen 2010.

Det er i Nyköping beste sumartid, frå 29. til



31. juli, at det årlege treffet for vikingrocken gjeng av stabelen - Kuggnäsfestivalen. På denne staden spelar dei mest kjende gruppene innanfor vikingrocken, som Ultima Thule, Enhärjarna, Völund Smed og Njord - saman med andre grupper innanfor tilgrensande generar som streetpunk, rockabilly, psychobilly og metal...

Ein ideell festival for alle patriotar med interesse for subkulturar som skinheads, punkarar og bikers.

Festivalen gjeng fyre seg ei langhelg på Kuggnäs, eit gammalt gardsbruk som er vorte restaurert og umbygd til bilverkstad og konsertlokale (Kuggnäs Motorgård). Og dette året rekna ein med eit ekstra stort publikum, for legendariske Ultima Thule, plateaktuelle med nyslepte "Korpkvædet", kom til å spela for fyrste gongen på tri år.

Sverige er det landet i Norden som er sterkast påverka av innvandring, og den fyrste røynsla vår med "det nye Sverige" gjorde me alt på flyplassen i Nyköping då me skulde leggja ut for bussbillett. Sjåføren nekta å taka i mot kontantar, på bussen kunde ein berre leggja ut med kort. Kvifor det, vilde me vita. -Av di me er leide av å verta myrda, var det kontante svaret.

Det siste stykkjet fram mot campingplassen på Kuggnäs laut me gjera til fots. Været var helder ikkje det beste denne dagen, so i striregn vart teltet monterert på rekordtid. Men teltet var ikkje fyrr kome upp fyre organisatorane åt festivalen kom oss i møte og inviterte oss inn til seg. So ikkje mange timane seinare var me vortne introduserte til vikingrockscena i Sverige. Ved midnatt var det so tid for den fyrste konserten - der psy-

chobillybandet Hotrod Frankie opna festivalen.

Under dagane som fylgde stod i alt 18 grupper på scenen. Millom våre favorittar var: Forbidden Rage, streetpunkprosjektet til mannen attum Enhärjarna og Steelcapped Strength. Stemningi var på topp når Bisson drog i gang slagarar som "Sons of Glory".

Kategorie C, eit band som hev kultstatus i hooligan-krinsar i Tyskland. Flestalle kunde syngja med når dette legendariske bandet spela gamle klassikarar som "So sind wir", "Gute reise" etc..

Kalevala Vikingiit, ei musikkgruppa frå Finland som serverte oss friske låtar med finsk tekst og melodiar som fusjonerte alt frå melodios vikingrock til streekpunk og rockabilly.

Glory Boys, ei spansk gruppa som spela greid og endefram Oi!, og med tekster som var rett på sak og rett i trynet, for å segja det slik.

Og endelegt hadde gudane gjeve oss den største gåva av alle, Ultima Thule. Målmannen-fotografen freista å koma so nær scenen som råd for å gjera dei beste fotografi. I det publikum tek fullstendig av, so må ein segja det er eit under at fotografen korkje miste



kamera, lyklar eller mobiltelefon!

Songane kjem på rekkja og rad: Vargsång, Knekt och Karolin, Election Day, med ein fantastisk Fädernesland, Båring Nord, og til slutt klassiek Stolt och Stark...

Millom konsertane gjekk det mykje tid med på campingplassen, der me vart kjende med nye kameratar frå både Sverige, Polen, Tyskland etc, alle reiduge for å slå av ein prat til ei kald øl og patriotisk musikk.

Kva meir kann ein segja? Ein festival som let etter seg tallause minne og der neste Kuggnäs alt er merkt av i kalenderen!



Torn Your Ties 2010

Av Olav Torheim

Artikkelforfattaren rapporterar frå den eksklusive Torn Your Ties-festivalen.

Er du leid av store Open Air-festivalar med hordar av skrikande fans og arrogante artistar? Då kanskje i draumane dine ein festival som Torn Your Ties...

Burtgøymd einkvan staden i ein skog, midt i Baden-Württemberg, spelar fem svartmetallgrupper ein laurdagskveld i slutten av august. Den eksakte reiseruta til treffpunktet vert gjeve i siste minutt - til einast dei serskilt inviterte.

Programmet gjev ikkje mykje tid til å keida seg, med steikt villsvin, den eine konserten etter den andre, utveksling av gamle og nye demotapes og andre slags subkulturelle effektar.



Grappa Imperium Dekadenz var den siste til å spela, og presenterte millom anna materiale frå den nye plata si.

Etter den siste konserten var alle



samla kring ein lægereld, både publikum og artistar, og festen heldt fram i ein venleg atmosfære fram til dei tidlege morgontimane.



Austeuuropeisk svartmetall

Av Ornella Winter



Nokturnal Mortum og Temnozor, two musikkgrupper frå Ukraina som det var verdt å bita seg merke i i året som gjekk. Dei gav bår i byrjingi av 2010 ut kvar si nye plata, og endå eit år seinare er me endå ikkje leide av å høyra på:

Nokturnal Mortum,
"The Voice of Steel".

Det hadde gjenge seks år sidan sist gong gruppa hadde late høyra frå seg, den gongen

med "Weltanschauung", der dei hev eksperiment med innslag av tradisjonell folke-musikk. Med "The Voice of Steel" tek dei det heile eit steg lengre. Framleis tung svartmetall so det held, men innimillom tremolo-picking og blastbeats bit ein seg dessutan merke i eit meir distingvert, progressivt ljodbilæte, som serskilt når det kjem til solostykke kann minna ikkje so reint lite um Pink Floyd. Det må dessutan nemnast at produksjonen er framifrå, kvart instrument let seg høyra med beste ljodkvalitet, men helder ikkje so klokkeklårt at det tippa yver i det yverprodu-serte.

Temnozor,
"Haunted Dreamscapes".

Temnozor hev heilt frå dei fyrste platone inkorporert fløyte og andre element frå ukrainsk folkemusikk, og i motsetnad til mange andre grupper so greider dei faktisk å få det heile til å fungera. Kombinasjonen av harske, solide gitarriff, og klåre vokalar på



russisk, skaper ei atmosfære som gjer dette albumet perfekt til å høyra på ein kald vinterdag.

Sank ein tingar til
Målmannen!

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

Det gamle Egypt og kongemakti - Part 1

Av Stig Andresen

Artikkelforfattaren studerar soga ved universitetet i Bergen.

Eg vil i denne artikkelen greida ut ein del um kongemakti i det gamle Egypt; og sjå på samspelet millom kongen og guddommelege krefter, legitimeringsideologien, mytologien og fagsoga, i tillegg til å sjå meir ålment på den kongeideologien som råda i faraoane sitt rike. Hovudspursmålet som eg vil gå grundigast inn på er um kongen sin natur var; guddommeleg eller menneskjeleg? Eg må halda nede lengdi på artikkelen, difor vel eg å ikkje taka upp emne som millom anna kongen si rolla i ritual, etterlivet og templi, av di dei emni ikkje vilde ha fengje den naudsynte djupni.

Faghistorien

Egyptologien er heile tidi i vokster, sidan nye oppdagingar, nye synsvinklar og ikkje minst nye forskarar kjem til ved eit jamt tilsig. Trass i det store talet på bøker som hev kome ut um ulike emne tilknytte det gamle Egypt, er det sjeldsynt at det hev vore gjeve ut bøker som radt serskilt hev teke upp fokuseringspunktet til denne artikkelen; kongemakti. Kongen og kongemakti vert nærast alltid nemnt på eitt eller anna vis i alle typar bøker um det gamle Egypt, frå dei mest populariserte til meir spesialiserte fagverk, men ikkje slik som her.

Likevel ligg nesten alltid fokus på berre deler av kongemakti og ideologien, som oftast dei konkrete tingi; tempel, kongerekkjor, litteratur, kunst, symbolisme og so vidare. Dei verki som knyter saman alt dette for å laga detaljerte yversyner på den egyptiske kongemakti, hev havt lange daudbolkar millom kvar utgjeving. Det store spursmålet hev svive kring kongen sin identitet; var han heilt menneskje, heilt gud eller noko av kvart slag? Dei som hevda at kongen meir eller mindre kunde jamstellast med ein gud, og som tona kraftig ned den meir profane menneskjelege sida, var millom andre Moret, Baillett, Jacobsohn og Frankfort, med bøker um emnet utgjevne i same fylgd 1902, 1912, 1939 og 1978. I "motsett" ende av spekteret hev millom anna Georges Posener sine utgjevingar i 1956 og 1960 krinsa rundt emnet med fokus på faraoen sitt menneskjelege aspekt. For Posener var farao kannhenda "fødd av gudane", som det offisielt heitte, men dei menneskjelege sidone var alt for openberre til at han kunde

gjeva gudenaturen noko vikt anna enn som symbol. Vidare hev millom anna Lanny Bell og Hans Goedicke gjeve ut tekstar i i same fylgd 1985-86 og 1960 der dei legg fram ein millomposisjon. For dei hev farao ein "glidande natur", der han kan gå frå å vera ein gudekonge under heilage ritual til å verta ein døydeleg og potensielt fåretrugande verdsleg konge i ein og same person og i ulike situasjonar. Denne artikkelen skal freista å syna at dei fleste innanfor fagfeltet i dag hamna på denne siste umtala millomposisjonen der farao hadde ein fleirfasettert natur (O'Connor & Silverman, 1995:XXI-XXVI).

Maat og Isfet

Sidan umgrepet maat er so viktig for å forstå den egyptiske religionen og den rollen kongen hadde som høgaste prest i kulten, byrjar eg med dette emnet. Ein kann vel kanskje kort summera umgrepet upp som "det rette". Maat var framsett som ein meiningsfylt altumfemnande orden som hadde heile eksistensen inne i seg. Ein kann segja at maat er tilveret slik det var meint å vera frå skapar(ane)en av kosmos (ibid:4). For at maat skulde vera i orden slik som tilsikta, var det mange krav som laut vera på plass, alle var knytte til kongen som person eller embetet hans, direkte eller indirekte. Kort oppsummert kan ein med hjelp av Jan Assmann sin modell nemna 4 punkt som gjeng inn i opphaldet av maat; kongen skulde halda rettferdi i hevd hjå menneskji gjennom rettvist styre, gudane skulde fullnøgdast, gudane måtte få sine offer og gravoffer laut gjevast til dei som var døde (Assmann, 2001:4-5). Det perfekte, det rette, den opphavlege tilstanden, det verande og so burtetter, alt dette er synonym til maat. Kongemakti hev difor vorte sett til å styra av skaparen, og her kjem kongen sin rolle som "gjetaren" inn, eit bilete på kongen ein finn frå tid til annan. Han er i denne rollen den som vernar um flokken sin mot Isfet, kaoset, og slik utfyller han rollen sin, fordi orden ikkje er den tilstanden som jordi er i "naturleg sett", men heller er orden noko som lyt implementerast frå "ovan". I motsetnad til dei semittiske religionane er det nemlig ikkje slik i den heimlege egyptiske religionen at jordi må "frelast", men heller berre styra. Når alle utfører si eigi rolla, vert dei "frelste" ved at alle ilag, men serskilt kongen og gudane, held uppe maat og slik konstant "held skapingi i hevd" (Ass-

mann, 1989:62-5). Det som gjer det heile serleg innfløkt, er at maat i tillegg til å vera den "tilsikta tilstanden" ogso er ikjøtingi av gudinna yver det rettvise kosmos; Maat. Det er ho som veg vikti av handlingane til den einskilde egyptaren ved domstolen etter dauden der summen av handlingane som er utførde i livet skal vegast upp mot ei fjør, men i motsetnad til mange andre religionar er det jamvikt ein er ute etter, ikkje yvervikt av "gudskap" (Teeter i Redford band 2, 2001:319-21). I tillegg til å vera alt dette var maat og tenkt som eit materielt stoff. Dette "stoffet" vart laga ved at menneskji, kongen og faktisk til og med gudane handla og levde i tråd med maat. Til ulike tider i den fleire tusen år lange perioden, var faktisk maat tenkt som noko både gudar, menneskji og kongane levde av, men samstundes var det tenkt at gudane kunde skapa maat um dei sjølve vilde. Maat var tenkt som næring for den guddommelege kongen heilt frå den spede byrjingi av den egyptiske kongemakti (Hornung, 1982:214). Ein hev mange døme på ulike kunstverk frå det gamle Egypt der kongen vart måla når han gav maat til ulike gudar, symboliserte millom anna ved ei liti statue av gudinna Maat.

Som eit motsvarande umgrep til maat hev ein umgrepet isfet; som tyder "mangel". Alt det som var feil i tilværet, og som ikkje fanst i den perfekte opphavlege verdi som var i samsvar med maat, var isfet. Alt dette hadde kome til seinare, og var feilretningar som "utviklingi" hadde teke; sjukdom, mangel, daud, urettvise, fals, vald, tjuvskap og generell fiendskap var alt saman isfet (Assmann, 2001:3). For å segja det litt kort, so kann umgrepet summerast upp som "kaos", og her var det kongen og kongemakti kom inn i biletet. Det var kongen sitt andsvar å halda dette uynskte kaoset burte, og ved å utføra si gjerning som han skulde og gjera sitt til at riket var som fyrr, heldt han slik maat i hevd. Kva var vel då eit sterkare symbol på kaoset enn utlendingane som Egypt stødt førde krig mot, anten det var forsvar eller åtak? Utlendingane med sine framande skikkar, "ulegitime" kongar, rare utsjånad og so vidare, symboliserte slik isfet som motparten til maat bokstaveleg tala. Ved å føra krig mot desse "kaosmaktene", kunde kongen konstant vera med på å streva etter den opphavlege perfekte tilstanden, og på den måten tryggja seg gunst i etterlivet og på jordi (ibid:3-4). Vidare finn ein mykje av svaret på kvifor kongemakti faktisk kunde

vara i tusenvis av år i det gamle Egypt i net-tupp den biten av isfet som la vikt på truskap mot kongen. Å gjera uppreist mot kongen var å handla i strid med maat det sa den rådande ideologien, og det forklårar mykje av den grunnleggjande konservative haldningi som gjorde seg gjeldande i det gamle Egypt yver so mange tusundår. Vilde ein koma godt ut or det i etterlivet, var det nok ikkje det luraste å skilta med at ein hadde vore med på uppreist mot kongemakti.

Den kongelege Ka

Umgrepet ka er sopass arkaisk og serprega oldtidsegyptisk at det er vanskeleg i dag å få ei forståing for kva det inneheld, men me skal freista likevel. Det vert fast umsett til europeiske mål som sjel eller livskraft, men desse "moderne" umgredi er likevel ikkje fullgode forklåringar. Ockinga forklårar ka som; "that which makes the difference between a living person and a corpse. The ka is also that energy in a male which engenders offspring and the word ka 'bull' is derived from the same root. Since a person's energy, life force, is affected by nourishment, the ka is connected with food. As well as designating the life-force of a person, the ka also seems to refer to what we would call a person's mood or spirit" (Ockinga, 1995:89-90).

Her ser ein fort at berre med Ockinga si nokso vide definering av umgrepet, hev ein alt gjeve det so mange tydingar at sjølv den kløktigaste forskar kan falla av lasset i freistnaden på å gjera ka handgripeleg. Det hev kome framlegg frå mange egyptologar um korleis ein kann å finna svaret på spursmålet um kongen sin guddommelege natur, ein lyt då truleg leita i mytologien rundt den kongelege ka. Med andre ord var det kongen sin ka som gjorde kongen til eit høgare vesen enn plebeiarane, og det var eigenleg han som vart tilbeden når ein retta bønene sine og gudstru si mot kongen. Det var den kongelege ka som gjorde at kongen og til dels familien hans fekk ein bit av den guddommelegdomen som gudane elles hadde. Det merkelege er kannhenda at det ofte i tekstane og hymnene ser ut til at den kongelege ka hev eit "liv for seg sjølv"; det vil segja at ka til tider vert umtala åtskild frå kongen, og det er den kongelege ka som fær kongen til å utføra handlingar og er ansvarleg for den kongelege krafti og velveret. Til dømes ser ein på ein del av relieffi som er teikna av kongen at den kongelege ka stend åtskild frå kongen, anten som ein liten figur med hevja armar eller som ein menneskeleggjort standard (ibid:94). Dette er interessant, for det kann tyda på at kongen i seg

sjølv ikkje hadde den guddommelege krafti som det kanskje vart hevda frå kongeleg hald, men at det heller var embetet hans som gav han krafti, ikkje ein personleg kvalitet ved hans person. Det finst mange døme på dette i tekstar frå perioden;

"[...] the king is said to be the one who "vivifies the two banks (Egypt) through his ka." (ibid: 95)

"[...] Did I not arise as Lord (i.e. ascend the throne) when you were of lowly status and do I not make you magistrates through my ka every day?" (ibid: 95-6)

Her ser ein tydeleg at både kongen og undersåttane viser til den kongelege ka som den attråverdige "eigenskapen" hjå kongen, og ikkje beint til kongen sjølv som person. Likevel var det sannsynlegvis konstant ei spenning millom um ein skulde gjera kongen eller hans ka heilag.

Legitimeringsideologien og samspelet med den kongelege ka

For å verta påvyrdt og kalla ein legitim egyptisk konge laut ein ha visse saker i orden. Det viktigaste var at ein på eit eller anna vis kunde syna til at ein faktisk tok del i den kongelege ka og vidare at gudane difor hadde valt ein ut til å herska yver jordi som deira representant og son. Skulde ein uppnå ein slik legitimitet måtte ein millom anna ha dei guddommelege namni på plass. Namni som batt den heilage krafti frå gudane og kongeembetet; ka, saman med kongen og slik gav han eit samband med både gudane og dei kongelege fyregangsmennene hans. I den egyptiske kongeideologien var det hovudsakleg tvo gudar som gav kongen legitimitet; Horus, son åt Osiris og vidare Re; solguden. Her var kongen tenkt som den jordlege inkarnasjonen av Horus, som var resultatet av ein kamp mot kaosmaktene og eit heilagt brudlaup (me skal sjå på mytologien bak dette seinare i teksten) og vidare som skaparguden Re sin etterfylgjar. Difor hadde kongen i sitt fulle namn legitimerande referansar til både Horus og Re (Bell, 1985:256). I samsvar med kongeideologien var kongen fødd samstundes med at den tilhøyrande ka-en vart skapt, noko ein kann sjå på relieffi av ulike kongar, til dømes i gravkammeri til Amenhotep III og Tutankhamun. Denne ka'en prova at kongen hadde ei heilag ættelina og var prov nok for at han var utvald til herskar.

Kongen var likevel sannsynlegvis ikkje sett på som heilag frå fødselen av, men heller som eit tilnærma vanlegt menneskje

(men sjølv sagt av nobel byrd) , men samstundes eit menneskje som hadde eit guddommeleg to eller stoff i seg. I den augneblinken kongen sette seg på "Horus-trona til dei livande", vilde den udøydelege heilage ka strøyma gjennom kongen og slik gjera han heilag og skilja han frå dei profane menneskji rundt. Dette skjedde under høgdepunktet i kroningsseremonien, og slik var det tenkt at den kongelege ka representerte æra og det sakrale ved det kongelege embetet, samstundes som kongen som individuell person vart sett på som bindeleddet i den rekkja av heilage kongar som gjekk attende til historieskodda i fyrrhistorisk tid. Med andre ord hadde kongen nettupp "i seg" ein tvosidug natur som gjorde at kongen saman med sin ka var av guddommeleg art når han sat på trona og herska yver landet eller utførde andre kongelege oppgåvor som høyrde til embetet, samstundes som kongen takka vera sin likevel so alt for menneskelege lagnad ikkje kan sleppa burt frå dauden som må koma trass i den kongelege ka og embetet sin sakrale natur (ibid:258).

Interessant nok var det stort sett i røyndi born av kongen som fekk ta yver trona, men likevel kunde det verta stridsmål når ein skulde setja inn ein ny tronarving. Dette kunde vera ein kamp på liv og daude millom kongsemni til dess det berre var éin att. Når dette var gjort, var det nesten lögjeleg nok ein lett jobb å "finna" den rette kongen, sidan det etter dei gamle egyptarane sitt syn berre var det kongsemnet med legitim kongeleg ka som kunde vinna i ein tronarvingstrid. Det var jo trass alt denne ka som gjorde at ein siger mot dei potensielle tronaranarane var mogeleg, som Bell lakonisk skriv; "[...]all genuine kings possess it; no pretenders do" (ibid:258).

Dei namni som kongen fekk som del av tittelen sin, hadde som det meste anna i egyptisk religion eit fleirtydig innhald. Til dømes hadde Amenhotep III ein stad namnet "Horus: Mighty Bull, Ruler-of-the-Rulers; Two Ladies: Great of Monuments Owing to his Strength, Who Brings the Lower Egyptian Heliopolis to the Upper Egyptian Heliopolis (i.e. Thebes); Golden One: Who Magnifies his Mansion of Eternity" (ibid:286-7). Vidare finst det listor på listor med namn, der mange av dei er so obskure at me ikkje hev anna enn vage framlegg um kva dei tydde. Bell meiner at dei arkeologiske provi og det faktum at me finn namni i samanhengar som inkluderar både gravferdssituasjonar, statuer og andre ikkje-dødstilknytte samanhengar tyder på at desse hyllande namni eigenleg er namn som er knytte til ulike aspekt ved den kongelege

ka. Som ein ætling av skaparguden kunde nemleg kongen ha fleire typar ka. Kvart einaste kongelege namn er slik sett eit avbrigde både ved tilhøvet millom kongen og guden i tillegg til å vera eit avbrigde av ka'en til kongen (ibid:287-8).

Likevel var det trass i desse guddommelege tilnamni, alltid noko tvitydugt kring kongen. Det gav seg eit uttrykk i ei sers varierende oppfatting av kongen frå andre, noko som gav seg utslag i ein ueinsarta terminologi. Ein farao kunde som Silverman skriv verta; "[...] named a god in a monumental historical text, called the son of a deity in an epithet on a statue in a temple, hailed as the living image of a god in a secular inscription, described as a fallible mortal in a historical or literary text, or referred to simply by his personal name in a letter" (Silverman i Silverman & O'Connor, 1995:50). Her ser me at trass den lovprisande umtalen av kongen som nyttar sakrale termar, bør ikkje det gjera oss blinde for å tru at den offisielle kongeideologien som ofte vart nytta til legitimerande fyremål var noko som "heile folket" (i den grad nemningi "heile folket" gjev meining i eit slikt elitesamfunn som det gamle Egypt var), kunde stella seg attum. Varierende syn på kongemakti og ikkje minst den individuelle kongen var det nok i det gamle egyptiske samfunnet tilliks med i monarkiske land i dag, men på grunn av den lange tidi som hev gjenge og den openberre risikoen som fanst i å festa slikt "på papiet", kjenner me ikkje so mykje til dette i dag. Visse hint hev me likevel fengje, millom anna i litteraturverk som til dels vart skrivne som ein del av den monarkiske ideologien, den mest kjende teksten som vik sterkt av i tema frå den offisielle kongeideologien, er kanskje "The teaching of king Amenemhet I for his son Senwosret" (Simpson, 2003:166-71). Her er den rådande tonen i teksten temmeleg ulik frå den guddommelege autoriteten som andre tradisjonar legg vikt på; snarare er teksten forma som ei innføring frå kong Amenemhet I til sonen og tronarvingen Senwosret og er på det næraste for ei åtvaring å rekna. Det er uvisst um Amenemhet vart drepen i eit attentat, eller um han yverlevde eit slikt attentat for so å dela makti si med sonen i ein periode med samstyre av tvo kongar.

"Maintain your vigilance against those who should be subordinate to you, but who turn out not to be so, men in whose loyalty one can place no trust; do not let yourself be alone with them."

Put no trust in a brother, acknowledge no one as a friend, do not raise up for yourself intimate companions, for nothing is to be gained from them" (ibid:168).

Her ser ein tydeleg at det var skiftande tider for monarkiet og at makti veksle med åri; kongssonen vert tilrådt å ikkje lita på nokon i det heile, ja, faktisk skal han vera so varsam at han ikkje skaffar seg nære vener i det heile. Merkverdig tøffe tider for ein som offisielt var sonen åt gudar, kann ein vel trygt segja. Både her og seinare i teksten verkar det som um kongen til og med åtvarar mot element i sin eigen kongelege familie, so det var tydelegvis intrigar i hof-fet og innerter i kongefamiliane som òg kunde gjera seg gjeldande. Andre døme på at kongemakti og den tidlegare so sterke ideologien bak den vart avveikt med tidi finn ein til dømes i brev. I eit brev frå styretidi til det tjugande dynastiet, skrive i den sydlege delen av Egypt eller kanskje i sjølve Nubien, finn ein farao umtala i nokso krasse vendingar som yverlet lite til tolking; "As for Pharaoh, how can he reach this land [...]? And as for Pharaoh, whose master is he in any case? (Baines i Silverman & O'Connor, 1995:33). Brevskrivaren gjeng her faktisk so langt at han steller spursmål ved um kongen hev herremakt yver nokon i det heile, temmeleg langt frå dei offisielle og panegyriske umtalane ein finn frå tidlegare tider. Likevel tyder dette sjølvsaugt ikkje at slike haldningar um kongemakti naudsynlegvis var vidspreidde, noko det er burtimot umogeleg å vita no i ettertid og i mangel av handfaste prov.

Vidare hev ein fleire døme på at endå um det av og til openbert var snakk um kupp der den sitjande kongen vart styrta eller drepen, eller der illegitime kongar hadde styrt for stutte eller lange periodar, var det lite å finna um det i dei offisielle kongerekjkjone frå tidlege tider. "No royal

name, text or representation from earlier periods states explicitly, or even implies strongly, that a king deposed his predecessor: legitimacy and continuity could not be separated. In several periods, [...] kings succeeded another at great speed, but idioms and legitimations of kingship seem not to have been affected by this instability. [...] Almost the only public acknowledgment of instability was the occasional use of the title "God's Father" for nonroyal fathers of kings and for the nonroyal ancestor of the Eleventh Dynasty[...]" (ibid:18). Med andre ord var det sjeldsynt med hint um avbrot eller mindre "nobelt upphav" i kongeættene frå kongelegt skrifvarhald, endå um me veit at det ofte må ha vore slik no i ettertid.

Eit anna legitimerande "triks" som mange kongar nytta seg av, var å ta i bruk monument og religiøse bygningar frå tidlegare kongar. Etter kvart som tidi gjekk og det gamle meir totalitære kongesentrerte samfunnet kvarv i fortidi, var det ikkje lenger praktisk og ideologisk mogeleg for dei egyptiske faraoane å byggja ovstore gravkammer som dei gamle pyramidane og andre monumentale byggverk som var like store. Ein sette i gong vøling og nybruk av gamle byggverk, og det var logisk nok "nest beste" steg for kongane i den seinare tidi, dei trudde dei kunde nytta det i legitimerande ærend. Amenhotep II tok til dømes i bruk den gamle Sfinksen, som hadde ein eksisterande kvasifolkeleg kultus rundt seg, og gav kongeleg tilskuv til å halda uppe kultusen ved sjølv å ta del i han etter å ha fengje Sfinksen reinska for sand. Slik kunde seinare kongar freista å få ein del av æra og stordomen frå tidlegare tider og vona at ulike gamle monument og bygningar vilde verta knytte til den noverande kongen og ha ein legitimerande verknad (ibid: 24).

Framhald i neste nummer.

Bladpengar 2011

Målmannen er endelegt attende. Me segjer oss leide for det lange opphaldet som diverre var naudsynt, men no satsar me for fullt att. Med det fylgjer at me treng bladpengar for å tryggja driftsgrunnlaget. Me vonar at kvar einskild av dykk vil vera med å byggja den nynorske bladheimen.

Bladpengar til kontonr. 2291.14.45666.

Fakta um norsk språkpolitikk

Som me skal sjå seinare i dette nummeret so er den nemndi som hev gjort framlegg til ny rettskriving for nynorsk på kollisjonskurs med dei fyre-segnene som Kulturdepartementet og Språkrådet tidlegare hev sett upp:

Kulturdepartementet segjer:

Norsk Språkråds mandat frå 1970-talet: "...fremja tilnærmingstendensar som på lengre sikt kan føra målformene nærare saman.."

Storingsmelding nr. 13 (1997-1998) som slo fast at "bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg."

Statsråd Trond Giske (A) Odelstinget 13. juni 2000, uttalte at han var "...tilfreds med at komiteen er enig i å oppheve den statlige godkjenningsordningen for lærebøker..."

Kulturdepartementet 5.12.2000 eit "viktig formål med ei nyorientering av normeringspolitikken er å sikre større stabilitet i rettskrivingi." "Departementet vil forvisse seg om at Norsk språkråd er fullt ut innforstått med denne føresetnaden."

Kulturdepartementet 5.12.2000 "Norsk språkråd lage ei utgreiing som nærare drøftar korleis skiljet mellom hovudformer og sideformer eventuelt kan takast bort også i nynorsk, og korleis ein i så fall kan tenkja seg å løyse dei spørsmåla som reiser seg i kjølvatnet av dette."

Kulturdepartementet med nye retningslinor for Språkrådet 25. april 2006 "Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og skal særleg arbeida med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid og å forvalta dei to offisielle norske språknormene. Språkstyrkingsarbeidet omfattar både norsk språk generelt og den nynorske målforma spesielt.

Språkrådet skal:

"Språkrådet skal verna om den kulturarven som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremja tiltak som kan auka kunnskapen om norsk språk, fremja toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som brukar norsk språk i den eine eller andre varianten, og verna om dei rettane som kvar enkelt borgar har når det gjeld bruken av språket."

Språkrådet segjer:

"Denne nye norma skal vera eit tilbod til alle som ynskjer å skriva korrekt nynorsk, og ho skal gjelda for alle som er pliktbar å skriva innanfor ei norma" Vedteke av styret i Språkrådet 16.12.2009

Vår kommentar: Politikarane fjernar krav um ei viss norma, medan Språkrådet vil tvinga kravet innatt bakvegen.

Språkrådet segjer:

"Breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreiding og skriftspråkstradisjonar er difor blant dei viktigaste faktorane som skal balanserast i den nye norma." Styret 16.12.2009

Vår kommentar: Er det å tryggja større stabilitet å driva med balansekunst?

Språkrådet segjer: "Norma skal vera slik at nynorsken framleis kan appellera til språkbrukarar over heile landet og gir rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar."

Vår kommentar: Skal ein fremja kunnskap, toleranse og respekt gjennom å appellera til språkbrukarar frå heile landet? Skal ein opplysa folk eller driva agitasjon for eit visst målpolitisk syn?

Goldofaf - Gjennom kaoset

Av Olav Torheim

Fransk rap og hip-hop er nok ikkje det ein høyrrer so altfor mykje um her i Noreg, endå mindre patriotisk hip-hop. Difor skal eg fortelja dykk litt um artisten Goldofaf, ein sympatisk ung mann som eg hev havt gleden av å møta ved fleire høve.

Goldofaf var som so mange andre eit problembarndom frå ein av Paris-forstadene, og i tenåringstidi dreiv han mykje gateangs og let seg rekruttera inn i gjengkriminalitet. Kor som er, Goldofaf hadde ein nasjonalistisk bror som ikkje vilde lata honom døy i syndi, og ein dag skjedde det endelegt: Goldofaf valde å brjota med dei muslimske gjengbrørne sine. I staden melde han seg inn i den katolsk-tradisjonalistiske organisasjonen Renouveau Francais. Og det nedbrjotande som han hadde lært som gjengmedlem skulde han helder snu til noko positivt - innvandringskritikk nasjonalist-rap!

Gjennom videoar på Youtube hev Goldofaf sidan nådd ut til hundratusundtals ungdomar. Musikken er endefram rap og hiphop, men budskapet er av eit heilt anna slag enn det ein normalt kunde venta seg frå den kanten. Krass samfundskritikk framført frå ein tradisjonalistisk og kris-



Goldofaf og Målmannen-redaktør Torheim, november 2009.

tenkonservativ ståstad, der oppgjerd med multikulturalismen, sterk studnad til serbarane i Kosovo, abortmotstand, eller åtvaring mot satanisme og porno, kunde vore nemnt som dei mest kontroversielle emni. I andre låtar er det mindre politikk og meir sosialt engasjement, som i låta "Ames suicidees" (sjølvmyrda sjeler)der han tek fyre seg problematikken med dei mange franske ungdomane som kvart år tek livet sitt. Eller "Bretagne ma region"

(Bretagne, min region) som er ein hyllest til Bretagne og den nedervde keltiskkrøtte kulturen.

Goldofaf hev so langt gjeve ut tvo fullengdplator, "Generation FAF" frå 2008 og "Dans la tourmente" (Gjennom kaoset) frå 2009. Platone kann tingast frå Patriote Productions (<http://patrioteprod.free.fr/>).

Skal me forby burkaen?

Av Robert Spieler

For ei tid sidan tok styresmaktene i Frankrike til ords for å forby bruk av burkaen på offentlege stader i Frankrike. Frå fyrr av er bruken av hijab og andre religiøse plass vortne forbode på skular og universitet. Medan vinstresida i Frankrike er kløyvd i denne saki, meiner dei fleste på den nasjonale høgresida at forbodsframlegget einast er ein desperat freistnad på å gøyma burt eit symptom, framfor å adressera dei reelle problemet som er at Frankrike er åt å drukna i ikkje-vest-leg innvandring – og at det er sjølve ideen um ein sekulær og religionsnøytral stat for alle som i våre dagar er åt å spela falitt. Nedanfor finn du Robert Spieler, formann i Nouvelle Droite Populaire, sin kommentar til saki.

Kva for ein sekularisme?

Lovi av 15 mars 2004, som skal vera i samsvar med prinsippi um sekularisme, forbyr elevvar på skular, gymnas og høgskular å bera symbol eller klede som gjev uttrykk for religiøs tilhøyrslø. Dette inneber millom anna at det er forbod, i eit kristelegt land, mot å bera den kristne krossen.

Denne lovi, som berre nemner "religiøs tilhøyrslø", kjem kor som er ikkje med noko forbod mot å bera symbol åt dei nye religionane av dekadans.

Ein elev eller student som ber jakkemerke med SOS Rasisme eller den til LICRA eller som presenterar seg i uniformi åt dei degenerte frå forstadene kjem derimot ikkje til å verta møtte med sanksjonar. Desse kostymi skal derimot akseptertast av umsyn til "mangfeldet".

Lovi forbyr ikkje folk å syna religiøs eller sekterisk tilhøyrslø ute på gata. Sume, millom desse André Gèrin, kommunistisk borgarmeister i Vènisieux, ynskjer å forby folk å bera burkaen (som dekkjer heile hovudet og kroppen åt dei muslimske damone) og niqaben (som berre let augo få koma fram) med den grunngevingi at desse kledi må reknast som



den synlege uttrykksformi for muslimsk fundamentalisme. Men er dette det reelle problemet?

Lat oss vera tolerante...

Lat oss respektera alle dei pseudo-religiøse fantasiane, same kva dei skulde vera, so lenge dei vert verande nett det: trivelege fantasiar. Til sjuande og sist, um me tek fyre oss venene åt bananrosa, stydjespelarane åt Meister Raël, medlemene i storbonsaisekti eller desse som driv med Hare Krishna, so representerar desse ingen fære for samfundet, so sant dei ikkje kann få oss til å døy av lått. Sume, slik som Dalai Lama (takk, Tintin!), kann - jamvel um dei ikkje stend for noko anna enn tanketom innhaldsløysa (Den smilen! Desse banalitetane!) - njota godt av ein høg respektabilitet.

Når det gjeld scientologikyrkja, som er eit sers aktuelt spursmål, so vert desse skulda for å nytta tvilsam teologi til å tappa medlemene sine for pengar. Men er det ikkje nett det same med alle desse som baserar seg på mirakuløse gjerningar, som med den svindelterapien som dei kallar psykoanalyse eller generelt med alle dei etablerte og respekterte religionane som nyttar seg av den same uppskrifti?

Um toskeskap, naivitet og ovtru skulde verta straffbart, so hadde nok tri fjordepartar av manneætti allereide site i fengsel...

Camille Flammarion, ein stor astronom frå byrjingi av det tjugande hundradåret, skreiv ei rad bøker um runde bord, astrallekamar og ymse ovringar observerte under åndelege seansar: ein stor astronom, det skal vera visst, forfatta av « l'astronomie populaire », men førd attum ljuset av illusjonistar og svindlarar. Dømet med Flammarion hev alltid fenge meg til å taka det med å klypa salt når forskarar og velrenommerte intellektuelle er byrja å uttala seg um saker som ligg utanfor deira eige fagfelt.

Lat oss vera humanistar, men med måte...

Sekti åt soltempelet, som lova medlemene sine ei reisa utan retur til Sirius (lovnaden vart halden), Mandaromen, som dekorterte Provence med gigantiske statuer av den karibiske gurun Gilbert Bourdin (som lika å halda seg med smågjentor), eller sekti "Guds born" (der gurun David Moïse dreiv med "fishing", som er å tilby gratis prostitusjon for å få nye konvertittar) – alle desse sektene, som eg kunde gjeva endå fleire døme på, dei er vortne forbodne av di det kort og god vart "too much".

Sjå då fyre deg ei sekt som argumenterar for at mannen stend yver kvinna, eller endå verre, som gav mannen lov til å slå kona si, som ynskjer å drepa fråfalne, som vil utrydja ateistane og som oppmodar til vald mot jødar og kristne, og som hev ein profet som skal ha gifta seg med ei åtte år gamal gjenta... Ingen tvil um at denne sekti straks hadde vorte forbodi...

Konklusjon: Det er ikkje burkaen som er problemet, det er nærværet av islam i vårt land!

Målmannen treng folk som skriv høg-norsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Njårds veg 10, 2214 Kongsvinger

Sluttordet:

Me veit ikkje um me kjem til å endra verdi, men me veit at verdi ikkje kjem til å endra oss.

Jean Mabire